

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 08.01.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Hans Stenby og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt**

**ARKIVSAK:** 2015/2116  
**STYRESAK:** **013/16**

**STYREMØTE:** **10.02. 2016**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret slutter seg til den framlagte prosedyren for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt

## Oppsummering

Gjeldande investeringsprosedyre i Helse Vest blei sist oppdatert i styremøte 14. desember 2006. Helsedirektoratet kom i desember 2011 ut med ny «Veileder for tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter». Det er denne rettleiaren som ligg til grunn for noverande planlegging av investeringsprosjekt i Helse Vest.

Administrerande direktør legg i denne saka fram oppdatert investeringsprosedyre for godkjenning i styret. Prosedyren bygger på dei føringane og retningslinjer som er skissert i nemnde rettleiar, samt dei føringar som blir gitt frå Helse Vest i samband med investeringsprosjekt. Dette gjeld mellom anna finansiering og økonomisk bereevne, krav til underlag og dokumentasjon samt ansvar, fullmakt og krav om styrebehandling.

## Fakta

Gjeldande investeringsprosedyre skriv seg tilbake frå 14. desember 2006 der siste oppdatering blei gjort. I desember 2011 utgav Helsedirektoratet oppdatert «Veileder tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter». Kompetansenettverk for sjukehusplanlegging var sentral i utviklinga av rettleiaren.

Kompetansenettverk for sjukehusplanlegging var eit fagnettverk med ei styringsgruppe leia av Helsedirektoratet med formål å utvikle verktøy og spreie kunnskap om sjukehusplanlegging. Alle dei regionale helseføretaka var representert i styringsgruppa.

Oppgåvene til kompetansenettverket er no i overført til det nye felles eigde helseføretaket «Sykehusbygg HF». Det gjeld også vidare forvaltning av rettleiaren for tidelegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt.

## Kommentar

Rettleiaren handlar om korleis helseføretaka bør gjennomføra planprosessen for investeringsprosjekt. I denne reviderte rettleiaren blir det stilt krav om ein utviklingsplan før start av planprosessen. Rettleiaren bygger på etablerte styringsmodellar og system for investeringar i helseføretaka samt krav og styringssignal som er gitt i føretaksmøter og i oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka. Det er og stilt krav om ekstern kvalitetssikring av konseptval for investeringsprosjekt.

Det er og utarbeid ein rettleiar for berekning av samla økonomisk konsekvens av investeringsprosjekt i helsebygg. Denne gir ein nærmare omtale knytt til økonomi, finansiering og kva type berekningar som bør inngå i økonomiske og finansielle analyser knytt til investeringsprosjekt

Helseføretaka og Helse Vest har i planprosessar, styringsdialog og ved framlegg av styresaker om investeringsprosjekt lagt til grunn dei føringar som ligg i rettleiaren for tidelegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt i tillegg til gjeldande investeringsprosedyre.

## **Vurdering**

Administrerende direktør ser det som viktig at rettleiaren for tidlegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt og investeringsprosedyren i Helse Vest er harmonisert, og at dei føringar som gjeld Helse Vest spesielt er presisert og gjort tydeleg for helseføretaka. Den oppdaterte investeringsprosedyren byggjer no på siste revidert utgåve av rettleiaren for tidelegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt. Helse Vest sine spesielle krav, føringar og fullmaktsstruktur er vidareført og tydeleggjort i prosedyren.

## **Konklusjon**

Administrerende direktør vil med dette invitere styret til å gi sin tilslutning til den oppdaterte investeringsprosedyren som bygger på nemnde rettleiar for tidlegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt med særskilde føringar, krav og fullmaktsstruktur frå Helse Vest knytt til investeringsprosjekt.